

Årsmelding – Austre Moland Historielag 2025.

Styret har bestått av:

Leiar:	Odd Thunes
Nestleiar:	Anders Aaberg
Kasserer:	Anne Ma Nyerrød
Sekretær:	Lilly Berland
Styremedlem:	Ingeborg E. Dale
Varamedlemmer:	Grete Vestøl Brekka Erik Noddeland Hans Olav Nygård

Årsmøte blei halde på Heimtun 27. febr. med ca. 45 frammøtte.

Styret har hatt 5 styremøter samt 1 julemøte i Syrdalen med middag og hyggeleg samvær.

29.mars blei det gjennomført dugnad på Kirkehaugen. Eit skjemmande gjerde med netting og stolper blei tatt ned og fjerna. Plassen blei rydda og klargjort for minnemarkeringa 8.mai.

Nydeleg vær var ramma for markering av frigjeringa 8. mai. Sogneprest Simen Heggelund Knutsen heldt tale ved bautaen til minne om krigsseilarane . Talen kan du lese i «Dei gav oss ein arv» 2025 utgåva. Heile 50 i talet møtte på minnemarkeringa.



8.mai markering på Kirkehaugen

21.mai arrangerte laget vårtur med vandring på gamle stier i Myra. Turen gjekk frå Langsæ, over Rånakanalen, til Eidet, Holmen, Gunhildsboveien, Eiga, Gunhildsbo og Fjellmannsveien. Theis Theisen og Inge Myhren var guider for oss. 30 personer deltok på turen.



Vandretur i Myra 21.mai

1. juni arrangerte historielaget vandretur frå Sagene til Syrdalen. Det møtte fram 35 personer. Geologen Lars Eivind Augland fortalde om geologien i omådet og om forming av landskapet. Odd Thunes orienterte om Syrdalen og om rutebåtane Turist, Odd 1 og Odd 2 som gjekk i rute frå Syrdalen til Arendal frå 1913 til 1936.

Lørdag 7. juni inviterte historielaget til historisk sykkelstur. 28 deltakere møtte på jernbanestasjonen i Arendal for å bli frakta til Nelaug. Sykkelturen gjekk innom Liv Toril og Einar Kalaoja på Hushovd, til Bøylefoss kraftstasjon med omvisning, til Gloserhei gruva og tilbake til Arendal. Nils og Grete Brekka sto for opplegget denne dagen.

Tirsdag 16. sept. blei det satt opp turstiskilt til Røyerfjell ved Woie. Turen startar ved Frydenlund mellom Woie og Noddeland og turen er ca. 5 km tur -retur. Eivind Dale har laga skilta og Ingeborg E. Dale, Nils og Grete Brekka og Lilly Berland sørger for at skilta kom på rett plass.

18 sept. blei det arrangert tur til Sjølingstad Uldvarefabrikk. Laget stilte med buss og 34 personer var med på turen. Det var ordinær drift på Uldvarefabrikken i 90 år frå 1894 til 1984. I dag er fabrikk ein levande museumsfabrikk med produksjon av ullstoffer og garn. Vi fekk ei innhaldsrik omvisning og ein god gjennomgang av historien.



Frå besøk på Sjølingstad Uldvarefabrikk 18.sept.

15.oktober vart det rydda tursti til Mofjell. 8 personer stilte på dugnaden. Vi har fått kr. 20000,- frå Sparebanken Sør for å rydde historiske turstier.

23. sept. 21. oktober og 22. november blei det gjort eit stort dugnadsarbeid med å rydde kratt på Kirkehaugen. Historielaget og fleire frå menigheten stilte, 10-15 personer kvar gong. Alt kratt blei rydda og flisa, og no kan du sjå Molandsvann frå toppen av Kirkehaugen.

På haustmøte med boklansering 30.oktober møtte over 90 personer. Historikar Egil Fiane heldt eit innhaldsrikt foredrag om vald, drap og andre lovbrudd som hadde skjedd på gardar i Austre Moland på 1600 talet. Leiar i bokkomiteen Jan Kløvstad presenterte årboka på ein framifrå måte og gav forfattarane kvar si bok. Årboka inneheld artiklar om det populære orkesteret Golden Rocket, om søstrene Bjelkevik, om folk frå Syrdalen som slo seg opp som forretningsfolk i Arendal, om dikteren Olaf Pedersen frå Bjorendal og mykje meir om stort og smått i fjern og nær fortid. Laget kan vera stolt av nok ei fyldig og god årbok.

Det er no lagt inn bilder frå Karterød skulekrets, og alle dei 5 gamle skulekretsane er representert med bilder på Agderbilder.no. Tilsaman er 1271 bilder er lagt inn. Vi får stadig inn bilder. Desse blir scanna og tatt vare på, og dersom bildene har historisk verdi og nok opplysningar, vil vi legge dei ut på Agderbilder.

Laget har bevilga kr. 10 000,- til Badstuprosjektet ved Heimtun

Inger og Odd Thunes møtte på årsmøte i Agder Historielag i Vennesla.

Laget har saman med Bygdekvinnelaget gått til innkjøp av bærbare høytalere.

Til kommunikasjon mot medlemmane våre brukar vi SMS, facebook og heimesida.

Medlemstalet er pr. dags dato 129 medlemmer herav 4 æresmedlemmer.

Sekretær Lilly Berland